

Ugradert

-

Høyringsinstansane

Deres ref:

Vår ref: 2010/101429

Dato: 16.06.2010

Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



## HØYRING - NY FORSKRIFT OM FORBOD MOT Å OVERFØRE LEVANDE SAU MELLOM BUSKAPAR I ROGALAND

Mattilsynet sender med dette utkast til ny forskrift om forbod mot å overføre levande sau mellom buskapar i Rogaland til høyring, jf. forvaltningslova § 37

### **Bakgrunn**

Sjukdomssituasjonen på dyr i Noreg er i stadig endring. Våren 2008 vart det for fyrste gong sidan 1948 påvist fotrôte på sau. Sjukdomen spreidde seg raskt og det er no nærare 500 bandlagde buskapar. Dei fleste finn ein i Rogaland. Det er difor no trong for å etablera ei soneforskrift i Rogaland. Sjukdomen fylgjer livdyr, og med regulering av livdyromsetnaden mellom sonene vil det vera mogleg å hindra ei vidare smittespreiing og kvitta seg med sjukdomen. Landbruksdepartementet har organisert prosjekt *Friske føtter* med representantar frå næringa, Veterinærinstituttet og Mattilsynet. Kartleggjinga av fotrôte har som nemnd vist at hovudproblemet er lokalisert til sau i Rogaland, og det er stor semje i næringa, fagmiljøet og forvaltninga om at tida no er inne for å laga ei soneforskrift for å begrensa og bekjempa sjukdomen.

### **Gjeldande rett**

Det er forbod mot å overføra hodyr av sau frå ein buskap til ein annan. I samband med sjukdomsutbrot har det opp gjennom tidene vorte laga soner fleire gonger. I dag er til dømes fylkesgrensene stengde for overføring av småfe. I tillegg er det soner som deler opp Troms, Nordland, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Rogaland vart delt i ei nordleg og ei sørleg sone i samband med bekjemping av sauesjukdomane mædi og skrapesjuke. Fotrôte er ein annan sjukdom og som av den grunn krev andre tiltak. I tillegg er hovudproblemet lokalisert til eit avgrensa område i den sørlegaste sona i den gamle soneforskrifta. Det er ikkje aktuelt å endra den gamle soneforskrifta, men i forslag til ny forskrift er den sørlegaste sona delt i to og med nye og målretta tiltak.

## ***Rettsstilstanden i andre land***

Island har eit stort småfehald og har gjort ein stor innsats for å bekjempa sauesjukdomar. Landet er delt opp i om lag 30 avsperra soner der det er ulovleg å overføra dyr over sonegrensene. Sjukdomsbekjempinga har vore vellukka. Det er all grunn til å tru at ein slik strategi og vil vera vellukkka når det gjeld fotrôte.

## ***Generelt om forskriftsutkastet***

Me føreslår at Mattilsynet, Hovudkontoret, vedtek utkast til forskrift om forbod mot å overføra levande sau mellom buskapar i Rogaland med heimel i lov av 19. desember 2003 nr 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven) § 19, jf. delegeringsvedtak av 19. desember 2003 nr 1790, jf forskrift av 27. juni 2002 nr 732 om bekjempelse av dyresjukdommer § 13.

## ***Spesielle merknader til forskriftsutkastet***

Opplegget med forbod mot omsetnad av vêrar (§ 5) og forskriftsfesta krav for unnatak alt etter kva for region ein høyrer heime i (§6), er sjølvforklarande. Det er likevel gjeve opning for at Mattilsynet, distriktskontoret, kan gjeva unnatak frå forbodet. Dette må me ha med for næringa er så mangfaldig med aktørar som spenner frå dei profesjonelle til amatørar og dei som har sau som kjæledyr. Me har også gamle norske sauerasar som me vil ta vare på. Det er viktig at distriktskontora har høve til å gjera unnatak når dette er forsvarleg ut frå føremålsparagrafen og etter vurdering ut frå det smittesikringsnivå forskrifta elles legg opp til.

Når det gjeld oppdelinga i tri soner, så er det slik at Sone Nord-Rogaland er den same som vert brukt i forskrift av 30. oktober 2002 nr 1193 om soner for å hindra spreiring av sjukdommar hos småfe i Hordaland og Rogaland. Denne sona er naturleg avgrensa i høve til resten av Rogaland. I forslaget til soneforskrift som no vert laga, er Sør-Rogaland delt i to soner. Dei har ikkje naturlege topografiske grenser, men det er tydeleg skilnad på utbreiinga av fotrôte mellom dei. Sonene vil difor hindra spreiring av smitte frå sone Midt-Rogaland til sone Sør-Rogaland. Det er Sone Midt-Rogaland som har størst problem med fotrôte no.

## ***Konsekvensvurdering***

I samband med etableringa av prosjektet "Friske føtter" vart det oppretta ei prosjektgruppe som skal driva fram praktiske tiltak og elles greia ut faglege problemstillingar og gje faglege innspel som grunnlag for dei vedtak som vert fatta i styringsgruppa. I gruppa sit representantar for næringa, Veterinærinstituttet og Mattilsynet.

Det har vore brei semje i prosjektgruppa om å få på plass ei soneforskrift for Rogaland. Ei slik regulering vil vera viktig for å hindra ei ytterlegare spreiring av sjukdomen i fylket og gjennomføra ei målretta bekjemping i sonene. Prosjektgruppa har hatt god kontakt med næringa og har teke omsyn til innspel som har kome så langt i prosessen. Skjematisk kan me føra opp konsekvensane for buskapar som vil selja dyr i følgjande tabell:

Sone	Innafor	Ut av
Nord-Rogaland	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Eigenfråsegn</b></li> <li>- <b>Ikkje kjøpt livdyr siste 6 mnd</b></li> <li>- <b>Fotbade dyr som skal seljast</b></li> </ul>	
Midt-Rogaland	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Eigenfråsegn</b></li> <li>- <b>Ikkje kjøpt livdyr siste 6 mnd</b></li> <li>- <b>Karantene med fotbad før og etter</b></li> </ul>	<b>Vêrlam til Sone Sør-Rogaland:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Eigenfråsegn</b></li> <li>- <b>Ikkje kjøpt livdyr siste 6 mnd</b></li> <li>- <b>Karantene med fotbad før og etter</b></li> <li>- <b>Veterinærattest</b></li> </ul>
		<b>Avslvêr:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Forbode</b></li> </ul>
Sør-Rogaland	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Eigenfråsegn</b></li> <li>- <b>Ikkje kjøpt livdyr siste 6 mnd</b></li> <li>- <b>Fotbade dyr som skal seljast</b></li> </ul>	<b>Vêrar til Sone Midt-Rogaland:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Eigenfråsegn</b></li> <li>- <b>Ikkje kjøpt livdyr siste 6 mnd</b></li> <li>- <b>Karantene m. fotbad før og etter</b></li> </ul>

Dei viktige konsekvensane av denne innstrammainga av livdyromsetnaden er at det vert betre kontroll med helsetilstanden til dei dyra som vert omsett. Ulempene er noko meirarbeid for dei som skal selja livdyr. Ekstrakostnadene vert ikkje store. Det vert berre kravd veterinærattest ved omsetnad av dyr over grensa mellom Midt- og Sør-Rogaland. Dette treng ikkje utgjera mange dyr. Mindre sjukdom vil gje stor økonomisk gevinst.

Opplegget i forskrifta er at det er eit generelt forbod mot overføring av dyr, men at det likevel er lov dersom opplista krav er oppfylte. Dette er einaste farbare veg sidan eit alternativt opplegg med dispensasjonssøknader eller søknader om løyve på spesielle vilkår ville medført altfor mykje arbeid for forvaltninga. Problemstillingane er likevel så mangfaldige at me finn det føremålstenleg å laga ein passus i slutten av § 6 som gjev Mattilsynet, distriktskontoret, opning for å gje løyve. § 7 gjev heimel for å dispensera. Dette vil ikkje gje mykje ekstraarbeid for forvaltninga. Mindre sjukdom vil avlasta forvaltninga for arbeid.

I tillegg til økonomisk vinst av eventuell mindre sjukdom er det verd å merka seg at fotrôte er ein svært smertefull sjukdom som medfører store dyrvelferdsproblem. Sjukdomen smittar ikkje til menneske. Viss me ikkje får sjukdomen under kontroll, vil det verta naudsynt med rutinemessig fotbading av dyra med sinksulfat eller formalinløysing. Begge desse kjemiske løysningene er uheldige for miljøet.

Livdyromsetnaden er i all hovudsak konsentrert til hausten. Me meiner det vil vera sær viktig at soneforskrifta vert innført før den tida slik at næringa vert informert så tidleg som mogleg. Det vil vera trong for tid til å førebu seg på nye reglar for sal/kjøp av livdyr.

## **Høyringa**

Me ber om at høyringsuttaler merkas med saksnummer og sendas med post til Mattilsynet, Hovedkontoret, Seksjon for landdyr og dyrehelsepersonell, Felles postmottak, Postboks 383, 2381 Brumunddal eller med e-post til [postmottak@mattilsynet.no](mailto:postmottak@mattilsynet.no) innan 3. august 2010. Høyringsuttaler må merkas med saksnummer. Spørsmål i forbindelse med høyringa kan rettast til Rolf Haugland på e-post [Rolf.Haugland@mattilsynet.no](mailto:Rolf.Haugland@mattilsynet.no)

Med helsing

Solfrid Åmdal  
seksjonsleiar

Vedlegg:

Liste over høyringsinstansar

Forslag til forskrift om forbod mot å overføre levande sau mellom buskapar i Rogaland